



Camilla Smith-Strøm

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4009 - 18/23562

Saksbehandlar:

Camilla Smith-Strøm

camilla.smith-strom@meland.kommune.no

08.11.2018

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet, 7.11.2018

Til stades: Kristine Larsen, Marthe Marøy, Mariell Sagstad Hellestvedt, Nina B. Solberg, Camilla Smith-Strøm og Thomas Wallem.

Sak 1. Konstituering av nytt Samarbeidsutval, 2018/2019

Camilla les frå Barnehageloven §4 om Foreldreråd og samarbeidutval. Klargjering av roller.

Årets samarbeidsutval er sett saman av:

Camilla Smith-Strøm (leiar)

Thomas Wallem (Eiers representant- Meland kommune)

Mariell Sagstad Hellestvedt (Barnehagen- Gul avdeling)

Nina B. Solberg (Barnehagen- Raud avdeling)

Kristine Larsen (Foreldrerepresentant Rød avdeling)

Marthe Marøy (Foreldrerepresentant Gul avdeling)

Therese Aalhus (Vara- Raud avdeling)

Ingvild Lindborg (Vara- Gul avdeling)

Facebookgruppa vil i stor grad benyttes av foreldrerepresentantane til kommunikasjon med foreldregruppa. Alle foreldre blir oppfordra til å søkje opp gruppa; «Foreldregruppe Marihøna Barnehage» og bli medlem. Her vil det bli lagt ut nyttig informasjon o.l. frå foreldrerepresentantane.

Sak 2. Barnegruppe/bemanning

Marihøna barnehage innfrir ny pedagog – og bemanningsnorm.

Barnehagen er i dag heilt full, både med tanke på pedagogtal og arealnorm.

Sak 3. Prosjekt Trygt og godt miljø

Kommunen har starta eit prosjekt for å skape betre oppvekstmiljø i Meland kommune. Anette Hesjedal er tilsett som prosjektleiar. Camilla er med i prosjektgruppa. Det har mellom anna blitt oppretta eit **kommunalt team for trygge og gode miljø**. Her sit mellom anna psykologar, leiande helsesyster, skulefagleg- og barnehagefagleg rådgjevar og prosjektleiar. Hensikten med teamet er å støtte skule,

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

foreldre og elevar i sakar som omhandlar elevar- og barnehagebarn sitt miljø, tryggleik og trivsel. Både skuleleiinga, barnehageleiinga, foreldre og barn kan melde om sakar til teamleiar, Anette Hesjedal.

Alle skular og barnehagar skal også ha sine lokale team for trygge og gode miljø. I Marihøna barnehage består dette av barnehagen sitt leiarteam, altså pedagogiske leiarar og styrar.

Sak 4. Implementering av *Handlingsplan mot mobbing*

Barnehagen jobbar aktivt for å få implementert den nye handlingsplanen mot mobbing. Vi har kontinuerlig fokus på barnehagemiljøet og enkeltbarn sin trivsel ved avdelingane. Det kommer stadig opp nye «punkter»/tiltak som må inn i planen, etter kvart som vi reflekterer rundt kva som virkar og kva ikkje virkar.

Sak 5. Brukarundersøkinga 2018

Foreldreundersøkinga for barnehage foregår i perioda 2.-30. november. Vi håpar at så mange som muleg gir seg tid til å svare på undersøkinga. Dette er til uvurderlig hjelp for personalet, når vi skal evaluere alle sidar ved arbeidet vi gjer i barnehagen.

Foreldrerepresentantane i SU oppfordrar foreldra til deltakelse på barnehagens Facebookside.

Sak 6. «Bytte- og arvedag» i barnehagen

Som eit bidrag til berekraftig utvikling og sosial utjamning ønskjer vi, i samarbeid med foreldregruppa og Frivilighetssentralen å gjennomføre ein **Bytte- og arvedag** i barnehagen. Arrangementet vil ha til hensikt å stimulere til gjenbruk, gjennom tilrettelegging for bytting/deling av barneutstyr og barneklær.

Dato for arrangementet er fastsett til laurdag 26.01.2019.

Vi håpar at så mange som mulig ønskjer å delta og at dere kan starte allereie nå å planleggje kva dere kan bidra med.

Arrangementkommiteèn består av:

Kristin Manger Fiksdal (Ped. leiar Raud avd.)

Mariell Sagstad Hellestvedt (Ped. leiar Gul avd.)

Marthe Marøy (Foreldrerep. Gul avd.)

Kristine Larsen (Foreldrerep. Raud avd.)

(Therese Aalhus)

(Ingvild Lindborg)

Sak 7. Eventuelt

Det kom fram eit ønskje frå foreldra om at menyen for varmmåltida blir lagt inn i Vigilo/månadsbrev. Dette skal vi sjølv sagt få til. Vi delar gjerne oppskrifter, med dei som skulle ønskje dette.

I forhold til Forutcaféen har vi fått tilbakemeldingar på at produktar/mat seljast for rimeleg. Vi ønskjer ikkje å prise for høgt, men kan gjerne oppfordre til å vipse/betale litt ekstra, dersom nokon har muligheit for dette. Vi tek dette med oss som eit tips til neste år.

Med helsing

Camilla Smith-Strøm
leiar Marihøna barnehage

Kopi:

Mette Marei Træland

Mottakere:

Camilla Smith-Strøm

Ingvild Lindborg

Kristine Larsen

Mariell Sagstad Hellestvedt

Marthe Marøy

Nina Bjørkheim Solberg

Therese Aalhus

Thomas H. Wallem